

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	07.11.2013	056/13	JLA
Formannskapet	14.11.2013	063/13	JLA
Formannskapet	21.11.2013	065/13	JLA
Kommunestyret	05.12.2013	039/13	JLA

Avgjerslemynde: Kommunestyret	Arkiv: K1-151	Arkivsaknr
Sakshandsamar: Sveinung Kvamme	Objekt:	13/668

BUDSJETT 2014 OG ØKONOMIPLAN 2014-17

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	29.05.2013	Bergen og Omland friluftsråd	Endring av kontingent for BOF frå 2014
2	I	01.06.2013	Statens pensjonskasse	Premiesats for pensjonsordninga 2014
3	I	20.06.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Ordinært skjønstilskot for 2014
4	U	05.07.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Skjønsmidlar 2014
6	I	19.09.2013	Radøy Sokn	Budsjett 2014
8	I	26.09.2013	IKT Nh	Budsjetter IKTNH 2014
7	I	26.09.2013	Kommunenenes sentralforbund	Auke i KS kontigent
9	I	14.10.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Statsbudsjett 2014 - Kommuneopplegget
23	I	04.11.2013	Radøy idrettsråd	Innspel i samband med budsjett 2014
15	I	05.11.2013	Kultur- og sørvistorget	Status kulturarbeid i Radøy 2014
14	I	05.11.2013	Radøy kommune - kommunalsjef helse og omsorg	Reduksjon i budsjett for 2014, BF-tenesta
13	I	05.11.2013	Heimetenesta, v/Johnny Brattetaule	Budsjett 2014 - tilbakemelding frå heimetenesta
12	I	05.11.2013	Radøy kommune - kommunalsjef helse og omsorg	Budsjettnotat 2014 frå barnevernet
11	I	05.11.2013	Radøy kommune - kommunalsjef helse og omsorg	Budsjett 2014 - uttale frå Velferdssenteret
10	I	05.11.2013	Radøy kommune - kommunalsjef helse og omsorg	Budsjett 2014 - uttale frå RIB
16	I	08.11.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Kommuneopplegget 2014 - Tilleggsproposisjon
18	I	11.11.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Kommuneopplegget 2014 i tilleggspolisjonen
17	I	11.11.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Tilleggspolisjonen
21	I	21.11.2013	Radøy Senterparti	Senterpartiet sine innspel til budsjett 2014
22	I	27.11.2013	Fagforbundet i Radøy	Innspel til budsjett 2014

Vedlegg i saka:

Rådmannen sitt budsjettframlegg for 2014

Saksutgreiing:

Rådmannen legg med dette fram budsjett for 2014 og økonomiplan for 2014 – 17 for politisk handsaming.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Budsjett 2014 og økonomiplan 2014 – 17 vert godkjent slik dei ligg føre i separat dokument. Skatteøyret vert fastsett til 11,4% på inntekt.

Eigedomsskatten vert fastsett til 7‰, men med redusert sats 3‰ for bustadeigedomar og ubygde grunnstykke.

Det vert teke opp lån i Husbanken til vidare utlån med kr 3 mill. Det vert teke opp nye lån til investeringar med kr 13.759.000.

Rådmannen får dei fullmakter som går fram av budsjettdokumentet.

07.11.2013 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Sveinung Kvamme gav ein grundig gjennomgang av budsjettarbeidet og eit førebels budsjettdokument for 2014.

Rådmannen understrekar at det må gjerast ytterlegare innsparingstiltak utover dei tiltak som er tatt med i det førebelse budsjettframlegget. Rådmannen presenterte ei såkalla «raudliste» over moglege tiltak for å få budsjettet i pluss i 2014 og samtidig gjera innsparingar også for resten av økonomiplanperioden. Rådmannen ser det som uråd å rekna med noko reell innsparing i drifta ved å redusera løyvingane til driftskostnader utanom løn, dersom ein skal halda oppe dei tilboda vi har i dag.

Inntektsutjamninga utgjer med budsjettert skattinnfang kr 9.889.000. Inntektsutjamninga er ein del av rammetilskotet, slik at samla rammetilskot blir kr 146.154.000. Samla rammetilskot og skatt er såleis kr 259.033.000,-. Dette er rimeleg sikre tal, der endringar i skatteinnfang langt på veg vil bli kompensert av endra inntektsutjamning.

Etter grundig arbeid med budsjett for 2014, ser rådmannen ikkje korleis ein kan få tilstrekkeleg overskot i drifta frå 2017. Ein del av dei skisserte innsparingane i 2014 er knytt til såkalla «best case scenario», altså at det ikkje kjem negative overraskingar undervegs. All erfaring tilseier at det kjem til å koma overraskingar undervegs. Dette betyr at det tilnærma null-resultatet rådmannen har arbeidd fram for 2014, lett kan bli eit større meirforbruk. For åra vidare aukar meirforbruket, sjølv om 2014 skulle gå bra. Skal ein oppnå ytterlegare innsparingar, kjem ein såleis ikkje utanom at tilbod må avviklast og kvaliteten på andre må takast ned, der det er mogleg.

Investeringsbudsjettet er på vel 36 millionar kroner, inkludert dei investeringane som vert overført frå 2013. På grunn av unytta lånemidlar i 2013 vil det vera tilstrekkeleg med knapt 14 millionar i nye lån neste år.

Endeleg budsjettframlegg skal etter planen vera klart til formannskapsmøtet torsdag 14.november.

Formannskapet etterlyste ei oversikt over kostnaden med interkommunale tiltak, og ei oversikt som viser kostnader på einingar innan skule og barnehage. Det skal rådmannen få utarbeidd til møtet 14.november.

Budsjettdebatten i formannskapet avdekka at det ikkje er politisk stemning for å setja i verk innsparingstiltak knytt til raudliste-framlegg. Det kom også klare politiske signal om at Radøy kommune ikkje kan akseptera meirkostnader i samband med etableringa av eit felles landbrukskontor i regionen.

Under budsjettdrøftingane i formannskapet vart det informert og stilt spørsmål om følgjande:

Rådmannen informerte om situasjonen for terapibassenget i Radøyhallen. Det har vist seg vanskeleg å få avdekka kvifor flisene i bassenget har falle av. No blir det vurdert å leggja duk i bassenget, på same måte som det er gjort i hovudbassenget. Då vil problemet vera løyst.

Rådmannen orienterte om framtidig bruk av tomannsbustaden i Grønålen. Planen var å selja tomannsbustaden, men no blir det i staden vurdert ei mogleg utbygging for å dekkja eit framtidig kommunalt bustadbehov.

Frode Hervik (V) ba rådmannen sjå på betalingssystemet for bruk av Radøyhallen, og vurderer om t.d. den kommunale ungdomsklubben og andre ungdomsaktivitetar i hallen, som KRIK, bør stillast likt.

Frode Hervik (V) etterlyste ei tilbakemelding på planane om dagsenter knytt til Velferdssenteret. Rådmannen svara at det blir arbeidd med planar om dagsenter-tilbod til demente, og at ein også vil sjå på lokalitetar og dagtilbod til andre grupper.

Finn Frantzen (KrF) etterlyste ei oversikt over kor mange eksemplar av bygdebøkene som ligg på lager, og om det kan vera aktuelt med pakketilbod. Det femte og siste bindet av bygdeboka kjem ut neste haust, og rådmannen ser for seg at det er naturleg med eit pakketilbod i samband med det.

Roy Bø (FrP) ber rådmannen vurderer investering i elbil når bilparken skal fornya.

Det vart ikkje gjort vedtak i møtet.

14.11.2013 FORMANNSKAPET

Det kom merknader om at budsjettprosessen har vore prega av knappe tidsfristar. Det vart påpeikt at førebels budsjettdokument til dagens møte vart seint utsendt, og ikkje vart sendt til andre enn medlemmane i formannskapet. Det vart samstundes uttrykt forståing for rådmannen sine utfordringar i ein krevjande budsjettprosess. Rådmannen fekk honnør for å ha gjort kloke val og levert eit budsjett med økonomiplan i balanse.

Økonomisjefen gjorde greie for dei endringane rådmannen har gjort i sitt budsjettframlegg på bakgrunn av innspel og synspunkt frå politikarane gitt i formannskapsmøtet 7.november. Rådmannen peika på at dei store utfordringane i 2014-budsjettet har påverka budsjettprosessen. Me skal saman sjå på korleis me kan gjera denne prosessen betre. Rådmannen har lagt fram eit budsjett for 2014 i balanse, utan at tenestenivået er vesentleg redusert. Men han understreka at budsjettframlegget er temmeleg ambisiøst og det krev mykje jobbing for å få det gjennomført. Rådmannen peika på at flytting av ressursar er ein del av prosessen for å optimalisera drifta og bruka ressursane best mogleg framover.

Etter det fekk kvart representantane ordet for å leggja fram sine innspel og synspunkt knytt til budsjettframlegget.

Etter denne runden gjorde ordføraren følgjande oppsummering:

- Det er uaktuelt for Radøy å godta auka kostnader i samband med utvidinga til eit felles landbrukskontor i Nordhordland.

- Det er semje om ikkje å leggja ned hovudutvalet.
- Det er semje om inntil inntil vidare å vidareføra gjeldande avtale om kommunalt tilskot til Vestnorsk Utvandringssenter gjennom samarbeidet mellom kommunen/kyrkje/VUS. Ei samla løyving 400.000 står ved lag, men ein er open for at rådmannen går i dialog med partane om eventuell anna fordeling.

Dei andre innspela var anten synspunkt – eller standpunkt som eventuelt kjem til votering i neste møte.

Formannskapet var samstemte om å ha eit ekstramøte torsdag 21.november, og samtidig utsetja kommunestyremøtet ei veke til torsdag 5.desember.

FS-063/13 VEDTAK:

Det vert ekstramøte i formannskapet torsdag 21.november. Kommunestyret vert utsett ei veke til 5.desember.

21.11.2013 FORMANNSKAPET

Representantane for dei ulike parti la fram sine synspunkt og framlegg til endringar i rådmannen sitt framlegg til budsjett/økonomiplan.

Det vart sett fram tre endringsframlegg til rådmannen sitt budsjettframlegg.

Frode Hervik (V) kom med følgjande framlegg:

Budsjett 2014 - Drift:

750.000 vert overført frå Felles oppvekst/sentraladministrasjonen (stilling som rådgjevar oppvekst) til drift skule.

100.000 vert overført frå Kyrkja til drift skule. Nedtrekket vert såleis redusert med 850.000 til nedtrekk på 750.000.

42.000 vert overført frå Kyrkja til samarbeidsavtale med MOT (ein opprettheld samarbeidsavtale med MOT, men fjernar stillinga som MOT-koordinator gjer dette til ein del av ungdomskoordinatorstillinga).

Investering:

150.000 vert overført frå posten kommunale bygg/bustader til nærmiljøtiltak Bø.

200.000 vert overført frå posten mindre investeringar til nærmiljøtiltak Bø.

Tekstframlegg:

-Konkurransetsetting av IKT og revisjonstenester vert utgreidd med sikte på å synleggjere om det ligg eit potensial for innsparing innanfor desse områda. Sak om dette vert levert til politisk handsaming innan juni 2014.

-Det vert lagt til grunn at folkehelsearbeidet i Radøy kommune skal fortsetje med aktiv deltaking i partnerskapen for folkehelse og utløysing av fylkeskommunalt tilskot. Rådmannen vert bedd om å vurdere å nytte rådgjevar for helse som folkehelsekoordinator.

-Radøy kommune har behov for fleire bustader til bustadosiale føremål for ulike grupper. Rådmannen vert bedd om å få til løysingar på dette gjennom eit samarbeid med private aktørar og Husbanken.

-Prisane på leige av Radøyhallen (idrettshall/symjebasseng) vert differensiert slik at det

vert noko billigare for barn og unge og noko dyrare for vaksne. Rådmannen kjem tilbake med eiga sak på dette våren 2014, jamfør tekstforslag vedteke i samband med budsjett for inneverande år.

-Bruken av posten nærmiljøtiltak Bø må sjåast i samanheng med utarbeiding av ny områdeplan. Det vert lagt til grunn at trafikkale problem som oppstår som følge av sal av Hordabøheimen vert løyst. Ein må mellom anna sikre ny adkomst, slik at ein slepp å køyre gjennom byggefeltet for å kome til bygget. Veglys og fortau vert etablert i tråd med innbyggjarane sine ynskje. Det vert lagt til grunn at kjøpar bidrar til finansiering av ny adkomst. Kommunal finansiering vert vurdert gjennom bruk av budsjettpostane kommunale vegar og trafikksikring.

-Radøy kommune skal vere aktiv med omsyn til å setje i gong prosjekt og søkje eksternt medfinansiering. Spesielt viktig er det å setje i gong prosjekt knytt til nærings- og tettstadutvikling med finansiering frå næringsfondet. Det må også leggjast opp til eit tettare samarbeid med private lag og organisasjonar om å søkje midlar til samfunnsnyttige føremål (t.d. turstiar) hjå private stiftingar, som t.d. Gjensidigestiftelsen og Sparebanken Vest.

Økonomiplanen 2014-2017

Posten Helsehuset 2016 og 2017 vert redusert med 4 millionar. 2 millionar vert overført frå 2017 til 2015. Posten mindre investeringar vert redusert med 200.000 i heile økonomiplanperioden. Midlane vert nytta slik:

2015:

- 500.000 til oppgradering av uteområdet på Manger skule, inkludert ballbinge.
- 850.000 til nærmiljø- og friluftsanlegg (oppfølging av ny kommunedelplan for Idrett, nærmiljø og friluftsliv).
- 350.000 til nærmiljøtiltak Manger.
- 150.000 til nærmiljøtiltak Sletta.
- 150.000 til nærmiljøtiltak Sæbø.

2016:

2,6 mill. til oppgradering av gymsal og garderobar, samt tilpassing til bruk til kulturføremål Manger skule.

Kenneth Murberg (H) kom med følgjande framlegg:

Drift, innskrenking:

Reduksjon i råmannsstab, omprioritering av ressursar	-1 500 000,-
Rådmannens forslag til innsparing i egen org.	-300 000,-
IKT Nh	-700 000,-
Teknisk - Hygienisk ingeniør	-112 000,-
Business Region Bergen	-50 000,-
Biosfæreprosjektet	-29 000,-

Drift, økning: Sum -2 691 000,-

Heimetenesta 510 000,-

Oppvekst stab, skule	1 600 000,-
Sum	2 110 000,-
Netto innsparinger	-581 000,-
 <u>Investering – innskrenking</u>	
Terapibassenget	-500 000,-
Mindre investering	-500 000,-
Austebygd skule parkeringsplass	-300 000,-
Trafikksikring	-100 000,-
 Sum innsparingar	 -1 400 000
 Utvida parkering v/Manger skule	 400 000,-
Økt oppgradering Velferdssenteret	500 000,-
Kommunale vegar, asfaltering fond)	800 000,- (ca 300 000 frå
 Sum	 1 700.000,-

Tekstforslag:

Sjuefråvær: ”..... gjennom endra organisering vil rådmannen leggja endå meir vekt på leing og leiarutvikling for å få ned sjuefråværet.»

Det har lenge vært signalisert uro frå politisk hald når det gjeld sjuefråværet, utan at det har vært satt i gang tiltak som har gitt varig og god effekt.

Reduksjon i sjuefråværet er i klar politisk prioritering, ein ynskjer derfor å setta klare måltall for sjuefråværet i 2014 og 2015.

For å måla dei tiltak som vert sett i verk, og verknaden av desse vert det sett et klart mål for 2014 på akkumulert 9% sjuefråvær, og 8,5% i 2015.

IKT Nh: Det vert i løpet av 1. halvår 2014 sett i gang ein anbudsprosess på IKT-tenestane til kommunen. IKT Nh. Vil vera ein tilbydar på lik linje med andre tilbydarar.

Business Region Bergen: Samarbeidstiltaket gjer ingen synlig gevinst for kommunen og vert såleis avslutta innan juni 2014

Biosfæreprosjektet: Samarbeidstiltaket gjer ingen synlig gevinst for kommunen og vert såleis avslutta innan juni 2014.

Nordhordland revisjon IKS: Det vert i løpet av 1. halvår 2014 sett i gang ein anbudsprosess kor Nh. Revisjon vil verta ein av tilbydarane.

Teknisk-Hygienisk ingeniør: Samarbeidstiltaket framstår som uklart, og gjer ingen synlig gevinst

for kommunen og vert såleis avslutta innan juni 2014.

Generelt: Tilskuddet til utvandringssenteret vert ståande.

Silje Namtvedt (Sp) kom med følgjande framlegg:

SP gjev rådmannen honnør for hovudprioriteringane innan særns tronge rammer. I den mest krevjande økonomiplanen på lenge, vil me spesielt takka rådmannen for at han legg opp til at vesentlege endringar i skulane vert på heile skuleår, og slik unngå store skift midt i skuleåret. SP vil støtta rådmannen i gjennomføring av tiltak, som ikkje er i strid med våre

hovudprioriteringar.

1. SP ber rådmannen bestilla ei utgreiing av IKT Nh, og om kost/nytte for Radøy i prosjektet.
2. SP ber rådmannen aktivt arbeida for å få fleire kommunar til å vera med i RIB.
3. SP krev at det i 2015 vert sett av kr 150.000,- til utgreiing av kva ny gymsal på Manger skule skal vera (dvs. storleik, primærbruk, utleige m.m.).
4. SP går mot at gymsal på Manger skule er utsett til 2018. Ny gymsal Manger vert lagt inn att med kr 2.000.000 pr år i 2016 og 2017. Desse midlane vert omdisponert frå Helsehuset same år, og me ber rådmannen gje ei nærare utgreiing av investeringsprogram for helsehuset.
5. SP rår rådmannen til å vurdere effektiviteten på alle nivå i organisasjonen.

Roy Bø (FrP) kom med følgjande innspel:

Kjem ikkje med endringsframlegg. Men likar ikkje at kutt går utover dei svakaste i samfunnet. Set eit stort utropsteikn ved vedlikehald på kommunale bygg og meiner situasjonen ikkje vil verta betre med 2014-budsjettet.

Finn Frantzen (KrF) kom med følgjande innspel:

Kunne tenkt seg endringar i budsjettet, men fråstår å koma med endringsframlegg seint i budsjettprosessen. Vil gje rådmannen arbeidsro i ein krevande prosess.

Ann Christin Hoen (A) kom med følgjande framlegg:

-Tar 250.000 kroner til medlevarturnus inn att i budsjettet. Det vert finansiert ved å redusera rådgjevarstilling med tilsvarande sum.

-35.000 kroner til trusopplæring kyrkja vert overført til skule.

Etter vidare drøftingar vart formannskapet samde om to tekstpunkt til budsjettet:

-Formannskapet ber rådmannen utgreia oppgradering av gymsalen på Manger skule.

-Formannskapet er kritisk til kostnadsutviklinga i interkommunale tiltak og ønskjer at medlemskommunane går saman om ein gjennomgang av ressursbruken i somme av dei.

Røysting:

Ved endeleg røysting sette Ann Christin Hoen (Ap), Frode Hervik (V) og Kenneth Murberg (H) fram sine endringsframlegg.

Frode Hervik (V) sitt framlegg fekk ei røyst.

Kenneth Murberg (H) sitt framlegg fekk ei røyst.

Ann Christin Hoen (Ap) sitt framlegg fekk ei røyst.

Deretter vart det røysta over rådmannen sitt framlegg, som fekk fire røyster og dermed fekk fleirtal (2 Sp, 1 KrF, 1 Frp).

Formannskapet sitt fellesframlegg om to tekstpunkt i budsjettet vart samrøystes vedteke.

ES-065/13 VEDTAK:

Budsjett 2013 og økonomiplan 2014 – 17 vert godkjent slik dei ligg føre i separat dokument. Skatteøyret vert fastsett til 11,4% på inntekt.

Eigedomsskatten vert fastsett til 7‰, men med redusert sats 3‰ for bustadeigedomar og ubygdde grunnstykke.

Det vert teke opp lån i Husbanken til vidare utlån med kr 3 mill. Det vert teke opp nye lån til investeringar med kr 13.759.000.

Rådmannen får dei fullmakter som går fram av

budsjettdokumentet.

Tekstpunkt i budsjett:

- Formannskapet ber rådmannen utgreia oppgradering av gymsalen på Manger skule.
- Formannskapet er kritisk til kostnadsutviklinga i interkommunale tiltak og ønskjer at medlemskommunane går saman om ein gjennomgang av ressursbruken i somme av dei.

05.12.2013 KOMMUNESTYRET

Ordføraren gjorde greie for formannskapet sitt arbeid og prosess med budsjett og økonomiplan.

Rådmannen og økonomisjefen orienterte om utfordringane med å få budsjett og økonomiplan i balanse.

Rådmannen kom med framlegg til følgjande justeringar i forhold til formannskapet sitt budsjettframlegg:

- Redusert rammetilskot, + 337.000
- Flytta kostnader IKT Nh frå drift til investering, - kr 700.000.
- Ny post i skjema 2B, investering IKT kr 700.000 finansiert ved auka låneopptak
- Justert fondsbruk i økonomiplanen
 - 105.000 i 2016
 - 100.000 i 2017

Kvar gruppeleiar fekk inntil fem minutt til innlegg i budsjettdebatten, og deretter vart det opna for innlegg på inntil tre minutt.

Det kom tre framlegg til budsjett 2014 og økonomiplan 2014-17.

På vegne av grupperinga Sp/Ap/FrP/KrF kom Morgan Taule med følgjande fellesframlegg:

Me vil peika på følgjande ved budsjettframlegget til kommunestyret:

1. **Satsing på barn og unge.** Radøy vil i 2014 ha stor auke i barnehagetilbodet, og mindre endring i elevtalet. Kvalitetsutvikling i skulen er sentralt, og me merkjer seg spesielt at rådmannen seier at nedtrekket på skule er både forsvarleg og realistisk (men stramt). Me er nøgd med at det ikkje vert gjort større endringar midt i skuleåret. Me understrekar at Kvalitetsstyringssystemet «La Linea» har høgste prioritet.

2. **Analyse av MOT m.m.** Me ber rådmannen ikkje seia opp MOT-medlemsskapen på noverande tidspunkt, men først foreta ein grundig analyse av kva program som har størst effekt for unge sin trivsel i Radøy. MOT er eitt program, det finst andre også, og me ber rådmannen drøfta og vurdera kost/nytte av kva program som gjev best effekt i Radøy(m.a. MOT, Olweus, Ren idrett, Trivselsleiar). Me merkjer seg at eit av føremåla ved innføring av MOT var reduksjon i mobbing. Dette har ikkje hatt tilfredsstillande utvikling. Me ber også rådmannen vurdera ressursbruken på slike ungdomsretta miljøtiltak – inkludert om ungdomsskoordinator kan ha større rolle. Analyse og tilråding vert lagt fram for politisk nivå før endeleg avgjerd om kva program Radøy skal nytta.
3. **Helse- og omsorg.** Radøy har vedvarande høgt aktivitetsnivå innan helse- og omsorgssektoren, likevel har sektoren fått eit betydeleg budsjettnedtrekk.
4. **Medlevarturnus.** Me er tvilande til rådmannen sitt framlegg til endringsoppseiing av medlevarturnus er mogleg (jfr.signal frå Kompetansesenteret), og ber rådmannen koma med grundig analyse på saka, og vurdera andre tiltak for tilsvarende kostnadsreduksjon. Å effektivisera sjølve turnusordninga er me likevel opne for.
5. **Effektiv administrasjon.** KOSTRA-tal viser at Radøy har låge administrasjonskostnader. Me står ved formannskapet si samla tilslutning til rådmannen sitt notat om omorganisering frå oktober 2012, og understrekar at hovudårsaka til endringa er gjennomgåande leing,- ikkje administrasjon. I tronge tider krevst god leing. Me merkjer seg at rådmannen meiner at utover nedtrekket på administrasjon i 2014, kan vurderast yttarlegare nedtrekk frå 2015. Me meiner at rådmannen bør sjå nærare på administrasjonskost innan Teknisk drift/plan-byggesak.
6. **Investeringsbudsjett:** Me endrar ikkje investeringsbudsjettet no. Posten mindre investeringar vert som vanleg vurdert når det oppstår behov i løpet av året. Me viser til at det i tråd med områdeplan Manger og Bø kan dukka opp investeringsbehov, det same ved områdeplan Olsvollstranda. Me understrekar behovet for utbyggingsavtalar og tiltak/kostnadsansvar for alle planar og at desse vert gjort på tidleg nivå, slik at ein hindrar misforståingar rundt ansvar/kostnadsfordeling.

Me meiner at budsjettarbeidet for 2014 og økonomiplanperioden ikkje er ferdigstilt med vedtaket 5. desember. Me meiner at formannskapet og rådmannen må arbeida tett saman om budsjett og tiltak i 2014. Kommunen står overfor store økonomiske utfordringar i åra som kjem. Rådmannen må kjenna at han har kommunestyret si tillit og handlingsrom i ein krevjande budsjettsituasjon, og budsjettrevisjonane 2014 vert viktige justeringspunkt.

Radøy Høgre legg fram følgende endringer i årets budsjett:

Sentraladministrasjon:

Det er ikkje ein del av Høgre eller Radøy Høgre sin strategi å bygge opp byråkratiet. Gode tjenester skapes av dyktige og lojale ansatte. Det er et dårlig signal til innbyggere og ansatte at sentraladministrasjonen er den ”enheten” som har hatt høyest vekst blant kommunens regnskapsenheter om man måler perioden regnskap 2010 til budsjett 2014.

- Vi legger til grunn rådmannens forslag til innsparing på kr. 300.000,-
- Vi legger til grunn ei ytterligere generell innsparing i sentraladministrasjonen på kr. 1.500.000,-

Effekt, sentraladministrasjon 1.800.000,-

IKT Nh.:

IKT Nordhordland er eigd av kommunen og avhengig av kommunen når det gjelder inntjening. Det synes som dårlig eierstyring når IKT Nordhordland nærmeste har vært en økonomisk verkebyll og tilsynelatende fritt frem pålegger kommunene kostnader som ikke var tilsiktet ved etablering av tjenesten.

Det er per i dag, slik tjenesten er organisert, svært vanskelig å se at denne organiseringen har gitt kommunen noen gode stordriftsfordeler som totalt sett gir tjenesten nødvendig legitimitet.

I budsjettet for 2013 fikk IKT Nh. Innvilget en økning på kr. 367.000,- til investeringer i infrastruktur, servere etc.

Dette kan ikke sees på som annet enn en engangskostnad, og følgelig faller behovet for disse midlene bort i 2014.

Dette til tross så ber altså IKT Nh. om ytterligere 430.000,- i budsjettet 2014 til ”strategiarbeid”. Det er m.a.o. ingen andre forklaringer til økningen i Radøys andel, enn begrepet ”strategiarbeid”. For Radøy Høgre fremstår dette som tynt, og vi kan ikke slutte oss til ei så syltynn begrunnet bevilgning når budsjettet innebærer kutt i vår primærproduksjon og førstelinjetjeneste.

Radøy Høgre legger til grunn følgende nedtrekk, og ut fra argumentasjonen så skal ikke dette berøre tjenesteleveransen til Radøy kommune:

- Bortfall av ekstrabevilgning i 2013 på kr. 367.000,-
- Bortfall av ekstra midler til ”strategiarbeid” kr. 430.000,-

Effekt, IKT Nh. Kr. 797.000,-

Andre samarbeidsprosjekt:

Teknisk – Hygienisk ingeniør, slik denne tjenesten er dokumentert så står ikke utført arbeid i forhold til kostnad. Dette bør vurderes utført internt, eventuelt få pris fra eksterne leverandører.

Innsparing kr. 80.000,-

Business Region Bergen, presenterer seg som rent byråkrati uten noen som helst effekt innen næringsutvikling på Radøy.

Innsparing kr. 50.000,-

Biosfæreprosjektet, presenterer seg som rent byråkrati uten noen som helst klare målsettinger, visjoner eller annen effekt på utvikling av Radøy som samfunn.

Innsparing kr. 29.000,

Effekt, samarbeidsprosjekter kr. 159.000,-

Totale innsparinger med Radøy Høgre sine forslag, kr. 2.756.000,-

Drift økning:

Det er foreslått innsparinger i Heimetenesta på kr. 510.000,- og på oppvekst stab, skule på kr. 1.600.000,-

Radøy Høgre legger til grunn at innsparingene er velfunderte og reelt gjennomførbare. Vi tilbakefører dog 510.000 til Heimetenesta og kr. 1.600.000,- til oppvekst og skule.

Dette medfører i realiteten ei styrking av disse sektorer.

Radøy Høgre sitt forslag til endringer i driftsbudsjettet gir ei netto innsparing på kr. 646.000,-

Endringer investeringsbudsjettet:

Terapibassenget:

I budsjettet er det lagt opp til utgifter i fob. Med reklamasjonsarbeid etter arbeid på terapibassenget. Gjennom kontrollspørsmål i 2 formannskap, så fremstår fortsatt sentraladministrasjonens forklaring slik at det ved nylig utført rehabilitering av terapibassenget, er arbeidet så dårlig utført at flisene faller av igjen.

For Radøy Høgre fremstår det som svært underlig at våre innbyggere skal belastes for dårlig utført arbeid. Vi vil her minne om at årets budsjett beskrives som ”vanskelig” og ”krevende”, dette til tross velger man å avsette 500.000,- kroner til å dekke det som ut fra forklaring fremstår som en helt åpenbar reklamasjon.

Innsparing 500.000,-

Mindre investeringer:

Viktige politiske prioriteringer i tidligere budsjett har ikke blitt gjennomført. Noen av tiltakene er det bevilget penger til gjennom 2 budsjettår, uten at det er utøvd handlingskraft.

Ut fra et generelt grunnlag velger vi derfor å tro at denne bevilgningen også forblir urørt, og trekker følgelig denne delvis tilbake.

Innsparing 500.000,-

Effekt, investeringer kr. 1.000.000,-

Investeringer økninger:

Parkering/leveringsforholdene ved Manger skule er under enhver kritikk og medfører en potensiell fare for skolens elever.

Her må det tiltak til, og det foreslås å sette inn tiltak som gir bedre parkeringsmuligheter, samt bedre logistikk rundt levering av barn til skole.

Økning Kr. 400.000,-

Trafikksikring Bøvågen, som følge av salget av Hordabøheimen har det kommet innspill fra innbyggere med nærliggende bopel at trafikkforholdene per nå er lite tilfredsstillende, og vil ytterligere forverres som følge av tiltenkt aktivitet på Hordabøheimen.

Fra politisk hold er det gitt signaler på at det kan være politisk vilje til å se på kompensierende tiltak, som medfører at trafikanter, elever og andre gående fortsatt kan ferdes i all trygghet.

Dette er ikke fulgt opp i budsjettet.

Høgre støtter Radøy Venstre i denne saken og ønsker å markere at politiske signaler skal være til å stole på.

Økning kr. 200.000,-

Velferdssenteret, har hatt avsatte midler i budsjettet i 2 år, uten at det er utført synlige tiltak for å stoppe forfallet. Det er vel kjent at den kommunale bygningsmassen er i dårlig forfatning og slik tilstanden er, så fremstår det som merkelig at tiltak ikke blir iverksatt når det er avsatt penger til slikt formål.

Radøy Høgre avsetter ytterligere 400.000,- i tillegg til allerede budsjetterte midler på kr.

1.500.000,-

Ny ramme kr. 1.900.000,-

Tekstforslag til budsjettet:

Sykefravær:

Høyt sykefravær har preget Radøy kommune gjennom flere år uten at man har sett virkning av ulike tiltak som er satt i verk. Høyt sykefravær kan være et viktig signal om de ansattes arbeidsforhold, samt at høyt sykefravær må antas å ha en stor innvirkning på budsjettet til Radøy kommune.

Fokus på sykefravær og nødvendige tiltak må derfor prioriteres. Radøy Høgre vil derfor legge inn klare måltall som gir politiske styringssignaler til Rådmannens i hans videre arbeid med sykefravær.

Vi ønsker derfor lagt til i testpunktet om sykefravær:

”Måltall for sykefraværet i 2014 settes til 8,5 prosent. Målet for 2015 settes til maksimalt 8 prosent akkumulert sykefravær.”

Næringsutvikling:

Næringsutvikling har vært en gjenganger i ulike diskusjoner, uten at det synes vilje til konkrete handlinger eller tiltak.

For å tydeliggjøre ei ny linje i næringspolitikken ønsker Radøy Høgre å legge til følgende tekst punkt:

”Næringsutvikling: Radøy kommune skal klart og tydelig fremstå som en næringsvennlig kommune, med vilje og evne til tilrettelegging for gode tiltak fra nye eller eksisterende næringsvirksomheter. Kommunalsjef for teknisk vil ha det overordnede ansvaret for næringskontakt i Radøy kommune. Politikerne i Radøy mottar gjennom rådmannen kvartalsvis statusoppdateringer for næringsarbeidet.

Radøy kommune vil videre synliggjøre sin nærings-satsing gjennom ulike konkrete tiltak rettet mot næringslivet. Hver år, primært høstens, skal det gjennomføres et næringsmøte hvor dialog og ulike tema blir satt på agenda. Radøy kommune vil sette i verk konkrete tiltak for utvikling av våre lokale nærings-senter. Tiltakene skal primært fremme trivsel for våre handlende.

Radøy kommune vil også aktivt markedsføre våre næringsarealer på en attraktiv og god måte, slik at nye næringsvirksomheter finner grobunn for god lokal verdiskaping.

Som et ledd i satsingen vil Sørvicetorget bli omprofilert til ”Sørvice, kultur og næringstorget Gjennomføringsgraden av tiltakene vil være et måltall for rådmannen”

Vestnorsk utvandringssenter:

”Vestnorsk utvandringssenter får et direkte tilskudd på kr. 100.000,- og tjenester gjennom Radøy Sogn for 150.000,-”

Investeringer:

”Vedtatt budsjett er bindende og gir tydelige signaler på politiske satsninger gjort. For å styrke demokratiet og sikre våre verdier, blir det satt et måltall for Rådmannen på 100% gjennomføringsgrad av vedtatte budsjetteringer”

Helsetenester:

”Radøy kommune har per i dag et bra legesenter, men til tider svært langt ventetid på telefon eller i venterommet. For ytterligere imøtekomme våre innbyggere vil vi iverksette tiltak for å omorganisere/styrke tjenesten, på en slik måte at ventetid på venterom og ventetid per telefon vil gå ned til et akseptabelt nivå.

Tjenesten for elektronisk bestilling av timer og resepter har til tider fungert svært dårlig. Det vil også bli satt i gang tiltak for å bedre denne tjenesten.”

Sosiale tjenester:

”Radøy kommune vil sette i verk ”arbeidsplikt for sosialmottakere med arbeidsevne” i løpet av 2014. Dette er tiltak som er iverksatt i andre kommuner med gode tilbakemeldinger. Dette får direkte positive ringvirkninger på økonomien i kommunene, samt at det er gode tilbakemeldinger fra brukerne som får muligheten til å bli inkludert i samfunnet på en god og verdig måte”

Radøy kommune:

”Radøy kommune tar mål av seg å bli landets beste kommune inne trivsel for ansatte og service for våre innbyggere. Radøy kommune vil i løpet av først halvår 2014 gjennomføre en trivselsundersøkelse blant våre ansatte. På samme måte vil vi gjennomføre en bred kundetilfredshetsundersøkelse blant våre brukere.

Undersøkelsene skal forankres politisk og har til hensikt å kunne gi klare retningslinjer for fremtidige prioriteringer”

”I tråd med nasjonale føringer fra ny regjering, vil Radøy kommune se på tiltak for å styrke satsingen innen psykisk helse og rus. Rådmannen vil snarest råd sett i gang arbeid med å søke om midler til kapasitetsøkning innen psykisk helse og rus”

R.H. viser til følgende:

“Regjeringen vil øremerke 343 millioner kroner til kommunale rustiltak. Det innebærer en reversering av innlemmingen av tilskudd til kommunalt rusarbeid i kommunerammen, som lå til grunn i 2013. Tilskuddet skal bidra til en reell kapasitetsøkning i det samlede kommunale arbeidet på rusmiddelfeltet, med utgangspunkt i tiltakene i regjeringserklæringen.”

Radøy Høgre vil avslutningsvis advare mot å legge frem et så stramt budsjett. Det har tidligere vært ordinær praksis at budsjettet har vært avvikende i negativ retning i forhold til hva som opprinnelig ble budsjettet. Dersom dette blir malen for 2014 vil Radøy kommune ikke ha noen ”buffer” å gå på i slike tilfeller.

Frode Hervik (V) kom med følgende framlegg

Budsjett 2014 - Drift:

750.000 vert overført frå Sentraladministrasjon\rådmannsstab til drift skule.

100.000 vert overført frå Kyrkja til drift skule. Nedtrekket vert såleis redusert med 850.000 til nedtrekk på 750.000.

42.000 vert overført frå Kyrkja til samarbeidsavtale med MOT (ein opprettheld samarbeidsavtale med MOT, men fjernar stillinga som MOT-koordinator gjer dette til ein del av ungdomskoordinatorstillinga).

Investering:

150 000 kroner vert overført frå posten kommunale bygg/bustader til nærmiljøtiltak Bø.

200 000 kroner vert overført frå posten mindre investeringar til nærmiljøtiltak Bø.

Tekstframlegg:

-Konkurransetsetting av IKT og revisjonstenester vert utgreidd med sikte på å synleggjere om det ligg eit potensial for innsparing innanfor desse områda. Sak om dette vert levert til politisk handsaming innan juni 2014.

-Det vert lagt til grunn at folkehelsearbeidet i Radøy kommune skal fortsetje med aktiv deltaking i partnerskapen for folkehelse og utløysing av fylkeskommunalt tilskot. Rådmannen vert bedd om å vurdere å nytte rådgjevar for helse som folkehelsekoordinator.

-Radøy kommune har behov for fleire bustader til bustadsosiale føremål for ulike grupper. Rådmannen vert bedd om å få til løysingar på dette gjennom eit samarbeid med private aktørar og Husbanken.

-Prisane på leige av Radøyhallen (idrettshall/symjebasseng) vert differensiert slik at det vert noko billigare for barn og unge og noko dyrare for vaksne. Rådmannen kjem tilbake med eiga sak på dette våren 2014, jamfør tekstforslag vedteke i samband med budsjett for inneverande år.

-Bruken av posten nærmiljøtiltak Bø må sjåast i samanheng med utarbeiding av ny områdeplan. Det vert lagt til grunn at trafikkale problem som oppstår som følge av sal av Hordabøheimen vert løyst. Ein må mellom anna sikre ny adkomst, slik at ein slepp å køyre gjennom byggefeltet for å kome til bygget. Veglys og fortau vert etablert i tråd med innbyggjarane sine ynskje. Det vert lagt til grunn at kjøpar bidrar til finansiering av ny adkomst. Kommunal finansiering vert vurdert gjennom bruk av budsjettpostane kommunale vegar og trafikksikring.

-Radøy kommune skal vere aktiv med omsyn til å setje i gong prosjekt og søkje ekstern medfinansiering. Spesielt viktig er det å setje i gong prosjekt knytt til nærings- og tettstadutvikling med finansiering frå næringsfondet. Det må også leggjast opp til eit tettare samarbeid med private lag og organisasjonar om å søkje midlar til samfunnsnyttige føremål (turstiar) hjå private stiftingar, som t.d. Gjensidigestiftelsen og Sparebanken Vest.

Økonomiplanen 2014-2017

Posten Helsehuset 2016 og 2017 vert redusert med 4 millionar. 2 millionar vert overført frå 2017 til 2015. Posten mindre investeringar vert redusert med 200.000 i heile økonomiplanperioden. Midlane vert nytta slik:

2015:

- 500.000 til oppgradering av uteområdet på Manger skule, inkludert ballbinge.
- 850.000 til nærmiljø- og friluftsanlegg (oppfølging av ny kommunedelplan for Idrett, nærmiljø og friluftsliv).
- 350.000 til nærmiljøtiltak Manger.
- 150.000 til nærmiljøtiltak Sletta.
- 150.000 til nærmiljøtiltak Sæbø.

2016:

2,6 mill. til oppgradering av gymsal og garderobar, samt tilpassing til bruk til kulturføremål Manger skule.

Mindre investeringar	500 000,-
<u>Prode Herlevik kom også med følgjande tilleggsframlegg:</u>	
Austebygd skule parkeringsplass	-300 000,-
Trafikksikring	-100 000,-
Sum besparinger	1 400 000,-
Utvida parkering v/Manger skule	400 000,-
Økt oppgradering Valførdssenteret	500 000,-
<u>Lugar Grundem kom med følgjande framlegg på vegne av Radøy Ap:</u>	
Kommunale vegar, asfaltering	800 000,-
Sum	1 700 000,-

RAP vil framheva at ein arbeider for å effektivisera det politiske arbeidet der det er mogleg. Dette kan til dømes vera møteutgifter – eksempelvis kan ein ha færre, men lenger møte, eller kombinera fleire møte på same dag. RAP vil oppfordra til at me som kommunestyre generelt ser på kostnadssparande tiltak også i politisk og administrativ behandling.

Røysting:

Det vart først røysta over Høgre sitt budsjettframlegg. Framlegget fekk fem røyster, og fall.

Venstre sitt framlegg fekk to røyster, og fall.

Fellesframlegget frå Sp/Ap/FrP/KrF fekk 18 mot 7 røyster, og er dermed vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til justering i forhold til formannskapet sitt budsjettframlegg fekk 18 røyster mot 7 røyster, og er dermed vedteke.

Frode Hervik (V) sitt tilleggsframlegg fekk sju røyster (2V, 5H), og fall.

Edgar Grindheim (Ap) sitt framlegg fekk 18 røyster mot 7 røyster, og er dermed vedteke.

KS-039/13 VEDTAK:

Budsjett 2013 og økonomiplan 2014 – 17 vert godkjent slik dei ligg føre i separat dokument og med dei justeringar som rådmannen har lagt fram i møtet.

Skatteøyret vert fastsett til 11,4% på inntekt.

Eigedomsskatten vert fastsett til 7‰, men med redusert sats 3‰ for bustadeigedomar og ubygdde grunnstykke.

Det vert teke opp lån i Husbanken til vidare utlån med kr 3 mill. Det vert teke opp nye lån til investeringar med kr 13.759.000.

Rådmannen får dei fullmakter som går fram av budsjettdokumentet.

Tekstpunkt i budsjett:

- Formannskapet ber rådmannen utgreia oppgradering av gymsalen på Manger skule.
- Formannskapet er kritisk til kostnadsutviklinga i interkommunale tiltak og ønskjer at medlemskommunane går saman om ein gjennomgang av ressursbruken i somme av dei.

Kommunestyret vil peika på følgjande:

- 1 Satsing på barn og unge.** Radøy vil i 2014 ha stor auke i barnehagetilbodet, og mindre endring i elevtalet. Kvalitetsutvikling i skulen er sentralt, og me merkjer seg spesielt at rådmannen seier at nedtrekket på skule er både forsvarleg og realistisk (men stramt). Me er nøgd med at det ikkje vert gjort større endringar midt i skuleåret. Me understrekar at Kvalitetsstyringssystemet «La Linea» har høgste prioritet.
- 2. Analyse av MOT m.m.** Me ber rådmannen ikkje seia opp MOT-medlemskapen på noverande tidspunkt, men først foreta ein grundig analyse av kva program som har størst effekt for unge sin trivsel i Radøy. MOT er eitt program, det finst andre også, og me ber rådmannen drøfta og vurdera kost/nytte av kva program som gjev best effekt i Radøy (m.a. MOT, Olweus, Ren idrett, Trivselsleiar). Me merkjer seg at eit av føremåla ved innføring av MOT var reduksjon i mobbing. Dette har ikkje hatt tilfredsstillande utvikling. Me ber også rådmannen vurdera ressursbruken på slike

ungdomsretta miljøtiltak – inkludert om ungdomsskoordinator kan ha større rolle. Analyse og tilråding vert lagt fram for politisk nivå før endeleg avgjerd om kva program Radøy skal nytta.

3. **Helse- og omsorg.** Radøy har vedvarande høgt aktivitetsnivå innan helse- og omsorgssektoren, likevel har sektoren fått eit betydeleg budsjettnedtrekk.
4. **Medlevarturnus.** Me er tvilande til rådmannen sitt framlegg til endringsoppseiing av medlevarturnus er mogleg (jfr.signal frå Kompetansesenteret), og ber rådmannen koma med grundig analyse på saka, og vurderer andre tiltak for tilsvarende kostnadsreduksjon. Å effektivisera sjølve turnusordninga er me likevel opne for.
5. **Effektiv administrasjon.** KOSTRA-tal viser at Radøy har låge administrasjonskostnader. Me står ved formannskapet si samla tilslutning til rådmannen sitt notat om omorganisering frå oktober 2012, og understrekar at hovudårsaka til endringa er gjennomgåande leiing,- ikkje administrasjon. I tronge tider krevst god leiing. Me merkjer seg at rådmannen meiner at utover nedtrekket på administrasjon i 2014, kan vurderast yttarlegare nedtrekk frå 2015. Me meiner at rådmannen bør sjå nærare på administrasjonskost innan Teknisk drift/plan-byggesak.
6. **Investeringsbudsjett:** Me endrar ikkje investeringsbudsjettet no. Posten mindre investeringar vert som vanleg vurdert når det oppstår behov i løpet av året. Me viser til at det i tråd med områdeplan Manger og Bø kan dukka opp investeringsbehov, det same ved områdeplan Olsvollstranda. Me understrekar behovet for utbyggingsavtalar og tiltak/kostnadsansvar for alle planar og at desse vert gjort på tidleg nivå, slik at ein hindrar misforståingar rundt ansvar/kostnadsfordeling.

Kommunestyret meiner at budsjettarbeidet for 2014 og økonomiplanperioden ikkje er ferdigstilt med vedtaket 5. desember. Kommunestyret meiner at formannskapet og rådmannen må arbeida tett saman om budsjett og tiltak i 2014. Kommunen står overfor store økonomiske utfordringar i åra som kjem. Rådmannen må kjenna at han har kommunestyret si tillit og handlingsrom i ein krevjande budsjettsituasjon, og budsjettrevisjonane 2014 vert viktige justeringspunkt.

Kommunestyret vil framheva at ein arbeider for å effektivisera det politiske arbeidet der det er mogleg. Dette kan til dømes vera møteutgifter – eksempelvis kan ein ha færre, men lenger møte, eller kombinera fleire møte på same dag.

Kommunestyret vil oppfordra til at kommunestyret generelt ser på kostnadssparande tiltak også i politisk og administrativ behandling.